



## HØYRING OM INNHALDET I SKOLEN OG EVENTUELT ENDRA SKOLESTRUKTUR

Etter ynskje frå politisk hovudutval Oppvekst-, kultur og omsorg (OKO)

Høyringa skal sikre at saka blir godt belyst før den skal avgjerast. Når høyringa er avslutta, utarbeider administrasjonen framlegg om saka til politisk behandling. Deretter følgjer politisk avgjerd i saka. Dei høyringsuttalene som kjem inn, gir viktige impulsar til både saksframlegg og avgjerd.

### Høyringsdokument

#### Dei ulike alternativa som blir belyst:

- A. Ein barneskole på Dombås, ein barneskole på Dovre og ein ungdomsskole på Dombås (som i dag)
- B. Samanslått barneskole på Dombås og ungdomsskole på Dombås
- C. Samanslått barneskole på Dovre og ungdomsskole på Dombås
- D. Samanslått barne- og ungdomsskole på Dombås (1-10-skole)

#### Prosess

2019	Tidsramme	Merk
Utarbeiding av høyringsdokument	April	V. kommuneadministrasjonen.
Høyring	Primo mai - primo juli (2 månader)	Høyringsdokumentet blir sendt til dei politiske partia, FAU og personalet ved kvar skole og barnehage, arb.takarorganisasjonane og fylkeskommunen. Det blir i tillegg lagt ut på kommunen si heimeside. Alle innbyggjarar kan sende høyringsuttale til kommunen med frist primo juli.
Grendemøter	Mai/juni	Dovreskogen, Dovre, Dombås.
Politisk behandling og vedtak	Truleg september	
Arb. for styrking av lokalsamfunn	Parallelt og vidare	Leia av eksterne.
Eventuelt	Dersom kommunestyrevedtak om samanslåing av skolar: Endring av forskrift om skolekretsgrenser.	

#### Arbeidsutval for prosessen

<i>Representantar for:</i>
Politikarane
FAU, foreldra
Skolane
Arbeidstakarorganisasjonane
Kommuneadministrasjonen

## Samandrag

Målet med prosessen er barnets beste. Barnets beste i denne samanheng er å sikre barnet eit best mogleg skoletilbud.

Spørsmålet om kvaliteten på skoletilbudet på den eine sida og skolestruktur på den andre, heng nøye saman. Dovremodellen har i fleire år vore garantisten for god kvalitet i skolane våre både fagleg og sosialt. Diverre har kommuneøkonomien vorte trongare og kommunen har ikkje lengre råd til Dovremodellen ved tre skolar. Men slår vi saman skolar slik at lærarkreftene kan nyttast betre, kan Dovremodellen gjeninnførast – om politikarane prioriterer det.

Vi må også vurdere skolen som sosial arena: Vi får færre og færre elevar i kommunen. Dei siste elleve åra har det samla elevtalet minka frå 347 til 254 elevar. Elevtalsnedgangen har ført til fleire små klassar, frå hausten t. d. to klassar med fire elevar. For elevane betyr små klassar redusert moglegheit for å finne vener på skolen. Når vi veit kor viktig venskap er for trivsel og livskvalitet, blir sikring av skolen som god sosial arena særst viktig.

Med ei eventuell samanslåing av skolar, vil det følgje utfordringar: Lengre skoleveg og meir busskøyring for eit antal elevar, er ei av dei. Lengre bringe- og henteveg for ein del av dei foreldra som har barn i SFO, er ei anna. Ei tredje utfordring er å styrke det lokalsamfunnet som måtte miste nærskolen sin slik at nærmiljøet likevel blir trivselsfremjande og godt for innbyggjarane.

Dei økonomiske berekningane viser at ved å slå saman skolar, kan Dovremodellen gjeninnførast og kommunen spare pengar.

## Elevtalsutvikling

### *Prognose 2019-2029*

Oversikta under viser prognose for elevtalsutvikling frå i dag og så langt vi kan sjå. Det er teke utgangspunkt i nåverande elevtal, talet på barn i barnehagane og fødselstal.

	18-19	19-20	20-21	21-22	22-23	23-24	24-25	25-26	26-27	27-28	28-29
<b>Dombås skole</b> (1.-7. klasse)	105	103	98	94	95	95	98				
<b>Dovre skule</b> (1.-7. klasse)	62	58	61	66	63	59	52				
<b>Ungd.skolen</b> (8.-10. klasse)	87	83	77	71	73	76	73	69	59	60	59
<b>Sum</b>	254	242	234	229	229	228	221				

Til samanlikning - skoleåret 2007-2008 hadde kommunen totalt 347 elevar:

Dombås skole 159 elevar, Dovre skule 98 elevar og Dovre ungdomsskole 90 elevar.

Dette betyr ein gjennomsnitteleg elevtalsnedgang på 8 – 9 elevar årleg.

### Skoleåret 2019/2020, elevtal/klassar

	1. kl.	2. kl.	3. kl.	4. kl.	5. kl.	6. kl.	7. kl.	8. kl.	9. kl.	10. kl.	Sum
Dombås sk.	13	17	9	16	14	18	16				103
Dovre sk.	4	8	10	11	13	4	8				58
Sum b.sk.	17	25	19	27	27	22	24				161
Dovre u.sk.								25	28	30	83
Totalt											244

Dovre skule har sju klassar. Elevane får i dag opplæring i norsk, engelsk og matematikk i eigen klasse, medan dei er slått saman med andre klassar i andre fag.

Vi ser av tala at ei ev. samanslåing av barneskolane dei næraste åra gir klassar på mellom 17 og 27 elevar.

### Skoleåret 2020/2021, elevtal/klassar

	1. kl.	2. kl.	3. kl.	4. kl.	5. kl.	6. kl.	7. kl.	8. kl.	9. kl.	10. kl.	Sum
Dombås sk.	11	13	17	9	16	14	18				98
Dovre sk.	11	4	8	10	11	13	4				61
Sum b.sk.	22	17	25	19	27	27	22				159
Dovre u.sk.								24	25	28	77
Totalt											236

## Elevane sitt faglege og sosiale miljø - og Dovremodellen

### Fagleg

Det nasjonale kvalitetsvurderingssystemet gjev oss informasjon både om læringsresultat og om korleis elevar opplever miljøet ved skolen. I [www.skoleporten.no](http://www.skoleporten.no) er resultatane tilgjengelege på kommunenivå. Sjå også gjerne kva Kommunebarometeret skriv om grunnskolen i Dovre.

Dersom ein ser på resultatane av nasjonale prøver over ein femårsperiode, er det lite som tyder på at den eine av barneskolane våre er betre enn den andre fagleg sett. Vi har gode skolar i Dovre kommune. Resultatane varierer sjølvsagt frå år til år, men også i vår kommune er det vanskeleg å finne haldepunkt for at små skolar er betre eller dårlegare enn større skolar når det gjeld faglege prestasjonar.

### Sosialt

I små skolar kan det derimot for enkelte elevar vere ei utfordring å finne nokon å vere saman med. Dette kan få negative konsekvensar for dei det gjeld. Kva samspillet med jamaldringar betyr for utviklinga til eleven, beskriv Thomas Nordahl (professor), Erik Flygare (universitetslektor) og May Britt Drugli (professor) i artikkelen «Relasjonar mellom elevar»:

«Forholdet til jevnaldrende er svært viktig for alle barn og unge, og det foregår et kontinuerlig sosialt samspill mellom elevene i skolen. I nyere utviklingspsykologi blir det lagt vekt på at vi er født som sosiale individer, og at sosial interaksjon (samhandling) er avgjørende for læring og utvikling (Sommer, 2006). Skolen er en sentral arena for sosialt samspill, både mellom barn/unge og voksne og elevene imellom. For elevene foregår dette samspillet kontinuerlig både i undervisningen og i friminuttene. Evne til å mestre det sosiale samspillet er av stor betydning, og elevenes sosiale situasjon i skolen er også vesentlig for deres identitetsutvikling og dannelse.»

«Fellesskapet med jevnaldrende er ikke bare viktig for elevenes sosiale utvikling, det er også vesentlig for den skolefaglige læringen.»

«Vi kan ut fra læreplanverket si at skolen ikke bare skal se til at elevene får skolefaglige kunnskaper, men også bidra til at elevene utvikler seg sosialt og personlig. *Det vil si at skolen har et ansvar for at elevene får delta aktivt i sosiale felleskap sammen med jevnaldrende.*»

### Dovremodellen

Dovremodellen i opplæringa vart innført i skolane i Dovre hausten 2011. Modellen innebar blant anna fleire lærarar for elevane og satsing på høg lærarkompetanse. Tidleg innsats overfor elevane var ein av gevinstane. I åra som er gått sidan innføringa, har resultatane på fleire felt innafor skolen utvikla seg til bli blant dei beste i landet. Det gjeld fagleg, men ikkje minst sosialt, inkludering av elevane i klassen er blitt eit «varemerke» for skolane i Dovre.

I likheit med mange andre kommunar, har økonomien i Dovre kommune vorte mykje strammare dei siste åra. Skoleverket har måtte ta ein stor del av innsparingane. Det har ført til at det i dag ikkje lengre er pengar nok til å finansiere Dovremodellen ved skolane i kommunen. Dovremodellen er «lagt på is».

Realistisk sett vil den økonomiske situasjonen i kommunen truleg ikkje bli vesentleg betre dei næraste åra. Er det likevel mogleg å gjeninnføre Dovremodellen? Under visse føresetnader, er svaret JA: Drift av tre forholdsvis små skolar med spreidd plassering er lite kostnadseffektivt. Samlokalisering vil kunne gi meir effektiv bruk av dagens midlar i skolen og dermed frigi midlar til styrking av innhaldet. Skolesamanslåing vil dermed kunne redde Dovremodellen.

## **Lærarkompetanse**

Kartlegging av kompetansen i skolane i Dovre viser generelt god fagdekning. Skolane prøver å planlegge langsiktig, men det er likevel ikkje til å unngå at uheldige situasjonar oppstår. Di mindre skolen er, di større kan utfordringane bli.

Ein liten skole er sårbar. Det merkast godt når ein lærar sluttar. Med det forsvinn gjerne kompetanse som ingen andre i kollegiet har. På større skolar er det enklare å få nokon i kollegiet til å erstatte den tapte kompetansen gjennom etter- og vidareutdanning, da det er fleire å ta av. Det kan i denne samanheng nemnast at Dovre så langt har hatt med 16 lærarar på den statlege vidareutdanningsordninga. Ofte skjer fagleg utvikling gjennom erfaringsdeling og refleksjonar. For å få til denne dynamikken og utvikle skolen til ein lærande organisasjon, er det grense for kor lite eit kollegium kan vere.

Dersom ein lærar er borte, er det viktig for læringa til elevane at vikaren er kvalifisert og oppdatert på kva elevane skal lære. Dovremodellen – oftast med to lærarar i klassen i basisfaga norsk, rekning og engelsk – handterer denne utfordringa på beste måte: Den læraren som er att, tek da klassen aleine. Ho/han veit kva elevane skal lære. Og skolen slepp å setje inn ein kanskje dårleg førebudd vikar - ein fordel også økonomisk.

## **SFO**

Både Dovre skule og Dombås skole har skolefritidsordning (SFO) for barn i 1. – 4. klasse. Våren 2019 har Dovre skule 31 barn i SFO, Dombås skole 28.

Samdrift av dei to SFO-ane vil kunne effektivisere drifta noko. Ved ein større skole er det dessutan ofte enklare å kombinere SFO-stilling med stillingar i skolen. Det er fleire som er i systemet, og som kan steppe inn ved behov. Dette er vaksne ungane kjenner frå før.

Alt etter bustad og arbeidsstad, vil ei ev. samanslåing av SFO-tilboda by på lengre reiseveg for nokre foreldre når dei skal bringe og hente barna sine. Her må det vera vilje til å vurdere løysingar i høve til barn og foreldre sine behov og dei moglegheiter som finst. Sjølv om barneskoleelevane skulle bli samla på Dovre eller Dombås, er det mogleg å tilby SFO også på den staden som ikkje lengre har barneskole. Økonomiske samdriftsfordelar fell i så fall bort når det gjeld SFO.

## Skoleskyss

Skoleskyssen er eit spleiselag mellom fylkeskommune og kommune. Dovre kommune er delt inn i tre skyssoner: Dovre, Dombås og Hjerkin. Skoleskyss innafor ei skyssone kostar kommunen 40 kr tur/retur per elev per dag. Skoleskyss innafor to skyssoner kostar kommunen 50 kr tur/retur pr. elev per dag. Skoleskyss innafor tre skyssoner kostar kommunen 60 kr tur/retur pr. elev per dag.

Dovre skule har nå mange elevar som treng skoleskyss, Dombås skole relativt få. Dovre skule har 60 elevar i alt, Dombås skole 105.

- Ved ei eventuell overføring av elevane frå Dovre skule til Dombås, vil skyssen koste kommunen 150.000 kr meir enn i dag.
- Ved ei eventuell overføring av elevane frå Dombås skole til Dovre skule, vil skyssen koste kommunen 700.000 kr meir enn i dag.

	Dovre skule	Dombås skole	Sum	Meirkostnad iht dagens
Kostnad i dag	450.000	300.000	750.000	
Kostnad samla skolestad Dovre	450.000	1.000.000	1.450.000	700.000
Kostnad samla skolestad Dombås	600.000	300.000	900.000	150.000

## Avstandar

- Avstanden mellom Dovre skule og Dombås skole/Dovre ungdomsskole er 13 km.
- Frå Skogvang, Dovreskogen til Dovre skule er det 10 km og til Dombås skole/Dovre ungd.skole 23 km
- Avstanden mellom Hjerkin og Dombås skole er 30 km, mellom Hjerkin og Dovre skule 43 km.

## Administrasjon

I skoleåret 18-19 har skolane følgjande administrasjon:

Dovre skule: 100 % rektor

Dombås skole: 100 % rektor

Dovre ungdomsskole: 100 % rektor

I tillegg har Dovre skule 30 %, Dombås skole 40 % og ungdomsskolen 60 % merkantil hjelp.

Behov for rektor:

1. Ansvaret til rektor er utvida. Eit døme er nytt lovverk som gir rektor ei veker frist til å bestemme tiltak dersom ein elev opplever at ho/han ikkje har eit trygt og godt skolemiljø.
2. Andre statlege krav til arbeidet i skolen har også endra seg. I større grad enn før stiller staten direkte krav til kommunane om kvalitetsutvikling i skolen. Det betyr at rektor er leiar for eit arbeidslag som må

dra i same retning og stadig vera i utvikling. Føresetnaden for å lykkast, er at rektor er tett på personalet sitt og stabilt til stades der lærarane er. Av den grunn, er felles rektor i grunnskolen hensiktsmessig berre dersom skolane er samla under eitt tak.

For Dovre kommune betyr dette:

- Tre skolar som i dag: Tre rektorar.
- Ein barneskole 1-7: Ein rektor og ein inspektør.  
Ein ungdomsskole 8-10: Ein rektor.
- Ein grunnskole 1-10: Ein rektor og ein inspektør.
- For dei to første alternativa merkantil hjelp som i dag, 130 % stilling. For det siste alternativet 100 % stilling.

## Skolebygningane

Plass og standard:

- Har skolen nok plass i dag til å huse alle elevane og lærarane frå ein annan skole? Til dette svarar rektorane ved barneskolane ja, rektor ved ungdomsskolen nei.
  - Arild Killi, rektor ved Dombås skole: «Dombås skole har på det meste hatt 167 elevar. Skolen kan difor, med nokre tilpasningar, ta imot alle barneskolelevane i Dovre frå skolestart hausten 2020. Skolen har pr. i dag 20 kontor plassar til pedagogisk personell. Dette kan utvidast innanfor dagens areal, dersom det blir behov for det.»
  - Sissel Øwre, rektor ved Dovre skule: «Dovre skule har areal til å samle ein felles barneskule. Det er imidlertid behov for å auke kapasiteten noko på ventilasjons-anlegget for å ivareta eksisterande lovverk.»
- Eit eksternt bygningsfirma vil før sommarferien levere ein rapport der kvaliteten på desse to skolebygningane blir vurdert i høve til ev. nytt elevtal. Ungdomsskolebygget er nyleg renovert.

Årleg drift av kvar barneskole kostar iflg. kommunens driftsavdeling omlag 1.200.000 kr årleg. Dette inkluderer reinhald, vaktmeister, strøm og diverse. Drift av samfunnshuset på Dovre og Moskushallen på Dombås kjem i tillegg. Om samanslåing av barneskolane skjer: Tome bygningar har behov for noko strøm og ettersyn. Kvar skolebygning utan skoledrift er difor i reknestykket under «Økonomi» berekna til å gje ei innsparing på 1.000.000 kr pr. år.

## Anlegg og uteområde

Uteområda til dei to barneskolane har stort sett like kvalitetar: Båe har gode turmoglegheiter utan behov for transport, skøytebane om vinteren, gapahuk/hytte i nærleiken, ballbinge, ulike leikeapparat, husker og klatrevegg. Og medan Dombås skole har balansebane og idrettsanlegg like ved, har Dovre skule skiløype, sykkelbane og fotballbanar.

Dombås har elles ei rekkje gode tilbod til barn og unge og andre: Svømmehall, folkebibliotek, fotballhall og avansert skianlegg. I ungdomsskole-/vgs-bygget befinn det seg også kantine, auditorium, styrkerom og velutstyrt naturfagrom som kan nyttast av alle elevar om ønskeleg.

## Samfunnsutvikling

Å spå om framtida, er ei usikker øving. Det er likevel verd å tenkje over: Vil skolesamarbeid med ein nabokommune ein gong i framtida vera den beste løysinga? Eller vil dei seks norddalskommunane med tida finne saman i eit nært og forpliktande samarbeid om skole?

## Økonomi

### Berekna innsparing pr. skoleår på grunnlag av 2019-tal

	Timeressurs ordinær undervisn.	Administrasjon	Skolebygg	Skoleskys	Totalt
<b>Alt. A med Dovremodellen</b>	Auka utg. 3.000.000	0	Innsparing 0	Innsparing 0	Auka utgifter 3.000.000
<b>Alt. A utan Dovremodellen (som i dag)</b>	Innsparing 0	0	Innsparing 0	Innsparing 0	Innsparing 0
<b>Alt. B med Dovremodellen</b>	Innsparing 1.900.000	Frå 2 rektorar til 1 rektor og 1 inspektør.	Innsparing 1.000.000	Meirkostnad 150.000	Innsparing 2.750.000
<b>Alt. B utan Dovremodellen</b>	Innsparing 2.950.000	Frå 2 rektorar til 1 rektor og 1 inspektør.	Innsparing 1.000.000	Meirkostnad 150.000	Innsparing 3.800.000
<b>Alt. C med Dovremodellen</b>	Innsparing 1.900.000	Frå 2 rektorar til 1 rektor og 1 inspektør.	Innsparing 1.000.000	Meirkostnad 700.000	Innsparing 2.200.000
<b>Alt. C utan Dovremodellen</b>	Innsparing 2.950.000	Frå 2 rektorar til 1 rektor og 1 inspektør.	Innsparing 1.000.000	Meirkostnad 700.000	Innsparing 3.250.000
<b>Alt. D med Dovremodellen</b>	Innsparing 2.000.000	Dersom under same tak: Frå 3 rektorar til 1 rektor og 1 inspekt. 850.000 Frå 130 % merkantil til 100 % merkantil. 150.000	Innsparing 2.000.000	Meirkostnad 150.000	Innsparing 4.850.000
<b>Alt. D utan Dovremodellen</b>	Innsparing 3.050.000	Dersom under same tak: Frå 3 rektorar til 1 rektor og 1 inspekt. 850.000 Frå 130 % merkantil til 100 % merkantil. 150.000	Innsparing 2.000.000	Meirkostnad 150.000	Innsparing 5.900.000

Ev. kostnader for ombygging og eller nybygg er ikkje vurdert her.

**Lærarstillingar:** Ei lærarstilling inkl. 20 % avgifter etc. kostar i dag totalt ca. 650.000 kr årleg.

- Ei eventuell samanslåing av barneskolane (alt. B og C) og av alle skolane (alt. D) med gjeninnføring av Dovremodellen vil difor innebere 3 færre lærarstillingar. Slik det ser ut nå, kan dette truleg langt på veg dekkast inn gjennom pensjonering som enkelte arbeidstakarar i skoleverket har varsla.
- Ei eventuell samanslåing av barneskolane (alt. B og C) og av alle skolane (alt. D) utan gjeninnføring av Dovremodellen vil innebere 4-5 færre lærarstillingar.

## **Fordelar og ulemper ved dei ulike måtane å organisere skolane på**

### **A To barneskolar 1-7 og ein ungdomsskole 8-10 (som i dag)**

Fordelar med å ha det som i dag:

- Moglegheit for å integrere lokalmiljøet på ein god måte i skolen sitt læringsarbeid.
- Aldersblanding kan vere eit godt pedagogisk prinsipp.
- Moglegheit for tett samarbeid skole-barnehage.
- Relativt lite busskøyning.
- Lite og trygt miljø der alle kjenner alle. Elevar meir synlege.
- Gode moglegheiter for tette relasjonar skole-heim og heim-heim.
- Overgangen barnehage-skole er enkel.

Ulemper ved å ha det som i dag - argument mot å oppretthalde to barneskolar:

- Lite sosialt miljø for elevane.
- Lite miljø for dei vaksne. Få å samarbeide med og lære av.
- Kan vere utfordrande å få til god progresjon for alle elevar i aldersblanda grupper.
- Stor skilnad mellom skolane når det gjeld lærardekning.
- Tilgang på spisskompetanse ser ut til å vere meir utfordrande ved små skular.
- Kan vere vanskeleg å rekruttere ønska kompetanse, lite miljø og usikker framtid.
- Generelt meir utfordrande å få til ønska utvikling på små skolar sidan det er få lærarar å ta av, gjeld t.d. ulike kompetansehevingstiltak.

### **B og C Ein barneskole 1-7 og ein ungdomsskole 8-10**

Fordelar med å samle Dovre skule og Dombås skole 1.-7. klasse:

- Mogleggjer gjeninnføring av Dovremodellen og dermed eit optimalt tilbod til elevane.
- Større sosialt miljø for elevar og lærarar.
- Større breidde i lærarkompetansen.
- Større fagmiljø for lærarane kan verke positivt både på rekruttering og for å halde på tilsette.
- Mindre sårbart – fleire å spele på i ulike samanhengar.
- Utjamning av ressursar og kompetanse.
- Billigare å drive færre skolar.
- Kostnadseffektivt for skoleeigar, færre å følgje opp.

Ulemper med å samle Dovre skule og Dombås skole 1.-7. klasse:

På den eine staden:

- Elevane får ikkje gå på skole i nærmiljøet, lite og trygt og der alle kjenner alle.
- Mindre moglegheit for å integrere lokalmiljøet i læringsarbeidet.
- Tett samarbeid barnehage-skole krev meir.
- Overgangen barnehage-skole blir tungvindare.
- Det ligg mindre til rette for tette relasjonar skole-heim og heim-heim.
- Meir busskøyning for elevar.
- Lengre reiseveg for foreldre.
- Tomt skolebygg.

### **D. Ein barne- og ungdomsskole 1-10**

Fordelar med 1-10-skole:

- Som under B og C, og:



- Lærarar i ungdomsskolen får auka kunnskap og forståing for det arbeidet som blir gjort i barneskolen, og omvendt.
- Betre kontinuitet i læringsarbeidet til elevane.
- Fleire lærarar, difor lettare å rekruttere deltakarar til vidareutdanning og andre utviklingstiltak.
- Kontinuitet og samanheng i utviklingsarbeidet.
- Mindre ressurskrevjande for skoleeigar. Berre 1 skole å føre tilsyn med, og 1 rektor å følgje opp.
- Større tilgang på vikarar.
- Samla merkantil ressurs.
- Samla leiarteam vil styrke kvalitetsarbeidet ved skolen.
- Leiarteam med oversikt over ressursbehov 1.-10. kl. gir gode føresetnader for ressursfordeling.
- Stor fagleg breidde.
- Sambruk av lærarar på tvers av hovudstega og betre utnytting av kompetansen.
- Lettare å få faglærarar lenger ned i stega.
- Eit likeverdig tilbod når det gjeld moglegheiter for aktivitetar, jf. anlegg o.a.
- God overgang barne-ungd.skole. Skolen kjenner elevane og kan følgje utviklinga frå starten av.
- Ressursar som digitale hjelpemidlar, spesialrom m.m. kan bli betre utnytta.  
(Dei to siste fordelane er i stor grad avhengig av at skoleslaga er samla under eitt tak.)

#### Ulemper med 1-10-skole:

- Jf. ulemper under alternativ B og C. Dessutan:
- Dersom skolane er fysisk skilde, gjer det samarbeid og sambruk av lærarar og andre ressursar utfordrande.
- Krevjande å vere rektor for begge skoleslag.
- To ulike kulturar. Utfordrande å utvikle felles kultur.
- Få å spele på for skoleeigar.

---

## Høyringsuttale

Ei høyring skal sikre at saka blir godt belyst før den skal avgjerast. Gjennom høyringa får alle som ynskjer det moglegheit til å koma med sine meiningar. Dei høyringsuttalene som kjem inn, blir i regelen allment tilgjengelege.

Du/de er velkomne til å koma med:

- 1) Synspunkt på/innspeil til innhaldet i høyringsdokumentet.
- 2) Ev. andre synspunkt/innspeil til saka.

Send høyringsuttale med epost til: [postmottak@dovre.kommune.no](mailto:postmottak@dovre.kommune.no)

eller på papir til: Dovre kommune, Kongsvegen 4, 2662 Dovre (tel. 61242100).

Frist er 8. juli 2019.

Alle innkomne høyringsuttaler blir registrert og lagt ved saksframlegg som skal behandlast politisk.